



Arkivsaknr: 2024/11388-1  
Sakshandsamar: Helge Kvam  
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

## SAKSFRAMLEGG

Høyringsuttale - Nasjonal rettleiar for prioriteringar i kommunal helse- og omsorgsteneste

| Utvalssak | Utval                                      | Møtedato |
|-----------|--------------------------------------------|----------|
|           | Ungdomsråd                                 |          |
|           | Eldreråd                                   |          |
|           | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne |          |
|           | Utval for levekår                          |          |
|           | Kommunestyret                              |          |

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune vedtar høyringsuttale til «Nasjonal rettleiar for prioriteringar i kommunal helse- og omsorgsteneste», slik det er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for levekår.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

### Saka gjeld

Helsedirektoratet har sendt ut eit høyringsutkast til «Nasjonal rettleiar for prioriteringar i kommunal helse- og omsorgsteneste».

Høyringsfrist er 15.november 2024. Innstilling frå utval levekår vert sendt innan frist og deretter kan vi ettersende vedtak frå kommunestyret.

Nasjonal rettleiar for prioriteringar i kommunal helse- og omsorgstenester er utarbeidde på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet. Bakgrunn for oppdraget er Meld. St. 38 (2020-2021) Nytte, ressurs og alvor - Prioritering i helse- og omsorgstenesta (regjeringa.no).

Rettleiaren er meint å fungera som ein prosessrettleiar, og kjem med tilrådingar til fagleg god praksis i arbeidet med prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester. Den gir tilrådingar til bruk av prioriteringskriteria nytte, ressurs og alvor og til gode prosessar for prioritering av tiltak og tenester i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Rettleiaren har til hensikt å bidra til kunnskapsbaserte prioriteringar på politisk, administrativt og klinisk nivå.

Rettleiaren er utarbeidd for

- kommunale leiarar på alle nivå med ansvar for kommunale helse- og omsorgstenester
- helsepersonellet som yter kommunale helse- og omsorgstenester
- sakshandsamarar som gjer vedtak om kommunale helse- og omsorgstenester
- personar som søker om eller får kommunale helse- og omsorgstenester og deira pårørande

Rettleiaren er òg relevant for dei andre i befolkninga og verksemdene i kommunen som jobbar inn mot kommunale helse- og omsorgstenester.

Høyringsutkast ligg og som vedlegg, og ein finn informasjon om høyringa her –

[Prioriteringer i kommunale helse- og omsorgstjenester \(nasjonal veileder\) - Helsedirektoratet](#)

## **Bakgrunn**

Å prioritera handlar om å setja noko framfor noko anna. I helse- og omsorgstenesta er det nødvendig å gjera prioriteringar fordi moglegheitene for og ønska om kva tiltak og tenester som kan tilbydast overstig ressursane som er tilgjengelege.

Prioriteringar i helse- og omsorgstenesta kan innebera å tilby tiltak og tenester av same kvalitet, men ved hjelp av færre ressursar. Det kan òg innebera bruk av færre ressursar og redusert kvalitet på tiltaket og tenesta. Ofte blir det vurdert om eit tiltak eller ei teneste skal tilbydast eller ikkje, om det finst alternative måtar å forma ut tiltaket eller tenesta på, om ein kan gi fleire ressursar til eit tiltak eller ei teneste og færre til andre. Når ei prioriteringsavgjerd inneber at både ressursbruken og kvaliteten blir redusert, er det viktig å passa på å innfri krav om forsvarlege og nødvendige tenester, jf. helse- og omsorgstenestelova § 4-1.

Både leiinga, saksbehandlarane og helsepersonella til kommunen har ansvar for å gjera prioriteringar slik at tiltaka og tenestene er i tråd med krav gitt i lov og forskrift.

## **Om normering**

Helsedirektoratet skal utvikla, formidla og halda nasjonale normerande produkt ved like som støttar opp under måla som er sette for helse- og omsorgstenesta og på folkehelseområdet

(spesialisthelsetenestelova § 7-3, helse- og omsorgstenestelova § 12-5 og folkehelselova § 24). Nasjonale normerande produkt omfattar nasjonale faglege retningslinjer, rettleiarar, faglege råd, pasientforløp og pakkeforløp og dessutan e-helsestandardar.

Normerande produkt kan vera relaterte til folkehelse, førebygging, diagnostisering, behandling, rehabilitering, organisering og pasientforløp og dessutan digitalisering for helsetenestene. Normerande produkt inkluderer også tilrådde og obligatoriske e-helsestandardar som tenestene bruker for digital samhandling i pasientforløp og rapportering til helseregister.

Formålet med dei normerande produkta er å hindre uønskt variasjon og sikre god kvalitet i tenesteinbidra til rette prioriteringar i tenesteinlause samhandlingsutfordringar og sikre heilskaplege pasientforløp. Med unntak av obligatoriske standardar, som er heimla i forskrift, er ikkje Helsedirektoratets råd og tilrådingar rettsleg bindande for tenesteeigarar og tenesteytarar, men beskriv nasjonale helsestyresmakters oppfatning av for eksempel kva som er god fagleg praksis, korleis relevant regelverk skal tolkast, kva prioriteringar som er i samsvar med vedteken politikk på helse- og omsorgstenesteområdet og andre tilgrensande sektorar.

Slik blir brukt omgrepa «skal», «bør» og «kan»:

- skal brukast der innhaldet er regulert i lov eller forskrift, eller når tilrådinga/rådet er så klart fagleg forankra at det sjeldan er forsvarleg ikkje å gjera som anbefalt
- bør eller tilrår er ei sterk tilråding/råd som vil gjelda dei aller fleste
- kan eller foreslår er ei svak tilråding/råd der ulike val kan vera rette.

Meir informasjon om Helsedirektoratet si normering finn ein her:

[Om Helsedirektoratets normerende produkter - Helsedirektoratet](#)

**Alver kommune sitt framlegg til uttale:**

### **Generelt om rettleiaren**

Det er krevjande å lykkast med ein rettleiar som skal vera eit praktisk verktøy i prioriteringa av kommunale helse- og omsorgstenester med mange ulike målgrupper og berørte grupperingar som til dømes pårørande. Alver kommune meiner at rettleiaren bør i større grad ta for seg avstanden mellom forventningar og tilgjengelege ressursar, og handteringa av forventningsavklaring mellom tenestemottakar og tenesteleverandør. Dette for å gi føreseielege prioriteringar ut til innbyggjarane, og sikra likeverdige tenester.

Prioriteringsrettleiaren skal fungera som ein prosessrettleiar, med andre ord: vera til praktisk hjelp og støtte til korleis prioriteringsarbeidet blir innretta og gjennomført.

Alver kommune finn det positivt at det er utarbeidd ein prosessrettleiar som kan bidra i prioriteringsarbeidet i kommunane. Rettleiaren kan bidra til forbetring av saksbehandling og

hjelp til nødvendig forventningsavklaring. Samtidig er denne rettleiaren definert som eit normerande produkt, med dei konsekvensane det inneber.

### **Normering**

Alle hovudtilrådingane i utkastet til rettleiar nyttar «bør», som er ei sterk tilråding eller eit råd som vil gjelda dei aller fleste. Helsedirektoratet og tilsynsmaktene legg til grunn at viss kommunane ikkje følgjer tilrådinga, må dei dokumentera årsak. Det følgjer av [Kvalitetsforskrifta](#) at leiinga i kommunen skal ha system for å ha oversikt over, og følgja opp at rettleiarar er kjende og blir følgd. Ein rettleiar gir ikkje rettsleg tilgang til å gi kommunane pålegg. Eventuelle høve til pålegg må forankrast i lov eller forskrift. Rettleiaren gir dermed ikkje staten tilgang til å overprøva det faglege skjønnet til kommunane innan ramma av lova.

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for å bruka «bør» er det beskrive slik: «Under utarbeidinga av denne rettleiaren er det funne mindre direkte relevant forskningsbasert kunnskap. Tilrådinga byggjer derfor i større grad på kunnskap og erfaring frå representantar for målgruppene til rettleiaren, som leiarar på ulike administrative nivå, helsepersonell tilknytt ulike tenesteområde, tenestemottakarar og pårørande».

Normering er dermed grunngitt ut frå oppfatninga til målgruppa. Det blir gjort greie for kva grupper og personar som har gitt innspel, men det har ikkje vore lagt opp til konsensusprosessar i arbeidet og det er Helsedirektoratet som står inne for dokumentet som er sendt ut.

Ordlyden «bør» kan oppfattast som krav, og dermed ei avgrensing av det lokale handlingsrommet. Kommunane må på politisk og administrativt nivå prioritera ut frå eit heilskapsperspektiv der helse- og omsorg er eitt av mange området som må sjåast i samanheng.

Alver kommune meiner det er viktig å understreke behovet for å tydeliggjøre ytterligere det lokale sjølvstyret og dermed anerkjenning av politiske beslutningar når det gjelder prioriteringar også på helse- og omsorgsfeltet. Det er legitimt at det vert gjort politiske vurderingar om kva standard og omfang tenester skal ha så lenge lovkrav er fulgt.

Menon Economic sin rapport «Ståa i norske kommuner. En kartlegging av kommunenes oppfyllelse av lovpålagte oppgaver» ([2022-46-Staa-i-norske-kommuner.pdf](#)) har peika på at det allereie er for mange krav og normer for kommunesektoren. Alver kommune meiner det difor er vanskeleg å sjå at det er behov for fleire krav på dette konkrete området, og kan ikkje sjå at nasjonale omsyn kan godtgjera verken ressursinnsats eller effekt av å innføra normerande krav i prioriteringsarbeidet.

Rettleiarar forstått som rettleiing og hjelp kan bidra til støtte for kommunane - men det føreset at det nettopp er rettleiing og hjelp, og ikkje står fram som krav som må grunngjevast om det ikkje blir følgt. Alver kommune meiner difor at hovudtilrådingane må bli omgjorde frå «bør» til «kan».

### **Implementering av rettleiaren**

Systematisk bruk av prioriteringskriteria er relativt nytt for kommunane, og det må sikrast støtte, tid og ressursar for ein god implementeringsprosess. Rettleiaren bør supplerast med døme/case der prioriteringar er beskrive. Det kan vera ei hjelp i prioriteringsarbeidet at det også blir døme gitt på metodikk, som til dømes KS sin 6-trinnmodell for etisk refleksjon.

Det er viktig at statsforvaltar som fører tilsyn med kommunane bidrar i implementeringsarbeidet av rettleiaren.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Alver kommune vedtar høyringsuttale til «Nasjonal rettleiar for prioriteringar i kommunal helse- og omsorgsteneste», slik det er lagt fram i saka.

### **Vedlegg**

- 1 Høyringsuttale - Nasjonal rettleiar for prioriteringar i kommunal helse- og omsorgsteneste